



## **§ 1 Namn**

Stiftelsens namn er «Stiftelsen Kulturhuset Heimen»

## **§ 2 Formål**

Stiftinga «Stiftelsen Kulturhuset Heimen STI» er ein ideell, allmenntilgjengelig og næringsdrivande stiftelse med formål å positivt bidra til kultur- og trivselstilbodet i nedslagsfeltet. Gjennom å eige, forvalte og utvikle «Heimen» - og eventuelle seinare bygningsmasse og eigedom som måtte bli lagt til stiftelsen – skal ein ha fokus på å tilby areal til disposisjon for kultur, næring og trivselsfremjande tiltak.

Stiftinga kan også i eiga regi syte for aktivitet og tilbod.

Stiftinga skal også vere ein positiv aktør i lokalsamfunnet, og kan til dømes delta i samfunnsdebatt og tiltak i tråd med formålet til stiftinga.

## **§ 3 Grunnkapital**

Ved etablering av stiftinga er grunnkapitalen 200 000,- NOK. Grunnkapitalen er oppnådd gjennom kronerulling og gåver. Grunnkapitalen inngår som naudsynt finansiering ved erverv av «Heimen».

## **§ 4 Stiftelsens organ**

Styret er stiftinga sitt høgaste organ. Stiftinga kan ha ein dageleg leiar.

## **§ 5 Styret sin samansetning**

Styret skal bestå av minimum 4 medlem og maksimum 8.

Styret supplerer og konstituerer seg sjølve og varigheit på verv er lik valperioden. Styret skal vere konstituert innan 1. mars kvart år.

Styremedlemmar er valt 2 år om gongen, men kan veljast att. Ved oppstart sit 3 styremedlem i 1 år.

Styret er vedtaksføre dersom meir enn ½ av styret er til stades. Vedtak er fatta med simpelt fleirtal, med unntak av de forhold som elles er regulert av vedtektene eller lover, der lova er sett høgast. Ved lik stemmegiving har styreleiar dobbeltstemme.

## **§ 6 Styret sitt arbeid**

Styret skal med inkluderande, kreativ og forsvarleg drift forvalte stiftinga i tråd med vedtekter og lov.

## **§ 7 Vedtektsendring**

Vedtektene til stiftinga kan kun endrast ved 2/3 fleirtal.

## **§ 8 Oppløysing**

Det er berre styret som kan avvike stiftinga «Stiftelsen Kulturhuset Heimen», med 2/3 fleirtal. Slikt vedtak må fattast 2 gonger med minimum 6 månader mellomrom.

Ved avvikling skal eventuell kapital i stiftinga delast ut rettferdig til allmennyttige formål i kulturhuset sitt verkeområde, som styrkar oppveksttilhøva for born og unge. Styret vedtek då slik fordeling.

Bremanger 01.03.2024

Svein Arne Torvanger  
Sign

Monica Liseth Hauge  
sign

Joakim Totland Hauge  
sign

Jeanette Kristiansen Grotle  
Sign

Jill Strand  
sign